LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Fronta Bygg Bergen AS
Espelandsvegen 151
5258 BLOMSTERDALEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 25.08.2014 |
| Vår: 14/5739 - 14/19128 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# KORRIGERT mangelbrev - gbnr 137/775 Alver - næringsbygg

Viser til søknad i eitt trinn motteken 04.07.2014 og e-post-korrespondanse.

Etter gjennomgang av søknaden konkluderer vi med at krav til 3 vekerssøknad ikkje er oppfylt. Sakshandsamingsfristen er 12 veker.

**Arbeidstilsynet**
Det er sendt søknad, men samtykke er ikkje motteke.

**Situasjonsplan**
Det vedlegget som er merka «situasjonsplan» er eit reint grunnkart utan bygningar, anlegg og terrengbearbeiding. Det skal lagast **situasjonsplan** som viser bygning, med avstandar til nabogrenser, høgder på tomta, mur, skjering, fylling, avkjørsle med breidde, svingradius, høgder og stigning på veg, grøntareal.

**Grad av utnytting**
parkeringsarealet er ikkje teke med i utrekninga. BRA er ikkje fyllt ut. Det er grunnlaget for utrekning av tal på biloppstillingsplassar

**Tilknyting til kommunalt vatn og avløp**
Søknad skal sendast til teknisk drift

**Snitt 1**
har ein slags situasjonsplan, som ikkje er i samsvar med krava i reguleringsføresegnene § 2.1 . Snittet illustrerer forholdet til naboeigedommane, men seier lite om kva som skal gjerast på den aktuelle tomta Det må lagast **minst** eitt profil langs bygget og eitt på tvers, som viser noverande terreng og korleis det skal bli når det er ferdig opparbeidd med cotehøgd på bygning og planert terreng.

**Uavhengig kontroll**
Fronta Bygg Bergen AS søker om ansvarsrett for alle område i byggesaka, også uavhengig kontroll. Vi kan ikkje sjå kravet i SAK 10 er oppfylt:

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

*Veiledning*
*9 Om krav til uavhengighet og kontrollforetakets ansvar*
*9.1 Regelverkets krav*
*Det skal være uavhengighet mellom kontrollforetak og foretak som har utført prosjektering eller byggearbeid som skal kontrolleres. Kontrollforetaket skal dermed være et annet foretak enn det som har utført prosjekteringen eller utførelsen som skal kontrolleres, jf. pbl. § 23-7.*

Føresegner: http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1280323689931.pdf
Plankart: http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1278053425632.pdf
Dersom søknaden er komplett innan 10. september, skal vi greia å halda 12 vekersfristen.
Nye dokument i saka skal sendast til postmottak@lndas.kommune.no evt med kopi til underteikna.

Vi ser fram til at alt som er lista opp i mangelbrevet kjem på plass, slik at vi kan handsama saka som eittrinnssøknad. Dersom de ønsker det, kan de be om å få saka handsama som rammesøknad, slik ho ligg føre.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | |
|---|---|---|
| Møn Eiendom AS | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fronta Bygg Bergen AS | Espelandsvegen 151 | 5258 | BLOMSTERDALEN |